

# Saksprotokoll

---

**Organ:** Fylkesutvalet

**Møtedato:** 28.05.2008

---

**Sak nr.:** 08/2399-3

**Internt l.nr.** 11571/08

**Sak:** 60/08

**Tittel:** Fråsegn i høve forslag om blokker til utlysing i 20. konsesjonsrund

**Behandling:**

**Dette gir følgjande endeleg vedtak:**

Sogn og Fjordane fylkeskommune gjev følgjande fråsegn i høve forslag om blokker til utlysing i 20. konsesjonsrunde:

Sogn og Fjordane fylkeskommune har store petroleumsressursar utanfor fylket. 28 prosent av norsk oljeproduksjon skjer i dette området. Likevel har fylket berre éin prosent av sysselsettinga i næringa. Vi har heller ikkje ilandføring frå sokkelen, mens nabofylka i sør og nord har høvesvis tre og to terminalar.

Dette misforholdet må det gjerast noko med. Her vil føringar frå statlege myndigheiter spele ein avgjerande rolle. Det er difor positivt at Olje- og energidepartementet no legg opp til ei meir opa line.

Til no har regionale samfunnsinteresser først vorte kopla inn i planar for utbygging og drift i samband med konsekvensutgreiingsprosessen. Det er utvikla ein tradisjon der oljeselskapa på dette stadiet alt har inngått sentrale kontraktar. Dette blir brukt som argument mot alternative innspel.

Våre ambisjonar innanfor petroleumssektoren omfattar følgjande:

- Ilandføring av olje og gass frå sokkelen – og industriell aktivitet knytt til dette
- Driftsorganisasjon for felt
- Forsyningstenester, lagring og vedlikehald av utstyr samt persontransport
- Elektrifisering av installasjonar på sokkelen

Når det gjeld forsyningar m.m., så må ein ta utgangspunkt i at avstand frå base og helikopterterminal skal vere kortast mogleg. Konkraft har peika på fartøy- og helikopterkostnader som klårt dominerande logistikkostnader. Val av kortaste forsyningsline vil redusere både kostnader, risikoeksponering og utslepp av klimagassar. Ut frå avstand til base og

helikopterterminal bør fleire av dei aktuelle blokkene nord for 62. breiddegrad difor naturleg sortere inn under forsyningsområdet til Florø.

I forhold til elektrifisering av sokkelen, så peikar vi på fråsegn frå SFE Nett til OED i samband med rapporten "Kraft frå land til norsk sokkel" (januar 2008). SFE Nett har overordna ansvar for nettplanlegging i fylket. Dei viser til at planar om 420 kV line gjennom fylket vil opne for fleire robuste tilknytingspunkt i Sogn og Fjordane.

For oss er det eit viktig poeng at det før tildeling av blokker utanfor Sogn og Fjordane, vert stilt spørsmål om korleis selskapa ønskjer å tilføre fylket aktivitet. Vi ønskjer at dei selskapa som syner vilje på dette området vert premierte gjennom tildeling. Viljeserklæringane må vere offentlege, og dei må følgjast opp av statlege myndigheiter. Føringsane må gjelde både leite-, utbyggings- og driftsfasen.

### *Meir konkret i forhold til einstilte blokker*

Fleire av dei tilrådde blokkene ligg svært kystnært. I nærliggande kystområde vil risikoen for påslag av petroleum høgst truleg auke. Krav til førebyggjande og avbøtande tiltak må stillast svært høgt. Før det vert gjeve løyve til boring i desse områda, bør det gjennomførast ein grundig analyse av risiko i forhold til dei system ein har å hjelpe seg med.

Når det gjeld dei kystnære blokkene nord for Stadt, der vi særleg viser til blokkene 6204/6, -8, -10 og 6205/3, så var desse eit stridstema også i 19. konsesjonsrunde. Fiskeriorganisasjonane peikte på desse blokkene som særleg viktige gyte- og oppvekstområde, og dei var kritiske til oljeverksemd her.

Vi meiner at det må leggest stor vekt på slike innspel. OED bør vere kritiske til å lyse ut desse blokkene før fiskeriorganisasjonane og olje- og gassektoren har kome fram til ei avklaring om korleis sameksistens mellom fiskeri- og olje-/gassinteresser her kan sikrast.